



Arkivsaknr: 2023/3022-1
Sakshandsamar: Halvor Elde
Avdeling: Oppvekst og kultur

SAKSFRAMLEGG

Vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Gulen kommune. 1. gongs handsaming

Utvalssak	Utval	Møtedato
11/24	Hovudutval for oppvekst og kultur (HOP)	11.03.2024
15/24	Formannskapet (FS)	14.03.2024

Bakgrunn for saka

Ny opplæringslov som er gjeldande frå 01.08.24 seier dette:

«§ 4-5.Skulefritidsordning

Kommunen skal ha tilbod om skulefritidsordning før og etter skoletid for elevar på 1. til 4. trinn og for elevar med særlege behov på 1. til 7. trinn. Kommunen kan krevje at foreldra dekkjer kostnadene til skulefritidsordninga.

Kommunen skal leggje til rette for leik og kultur- og fritidsaktivitetar i skulefritidsordninga. Aktivitetane skal vere tilpassa alderen, funksjonsevna og interessene til barna. I skulefritidsordninga skal barna få omsorg og bli passa godt på, og barn med nedsett funksjonsevne skal få gode utviklingsvilkår.

Når skulefritidsordninga er knytt til skolar, skal rektor vere leiar. Kommunen kan gjere unntak frå kravet.

Kommunen kan nytte private til å drive skulefritidsordninga.

Kommunen gir forskrift om skulefritidsordninga. Forskrifta skal ha reglar om

- eigarforhold
- kven som er opptaksmyndigheit
- opptakskriterium
- opptaksperiode og oppseiing
- foreldrebetaling

- f. leike- og opphaldsareal
- g. dagleg opphaldstid og årleg opningstid
- h. personale og leiing.

Departementet kan gi forskrift om gratis skolefritidsordning, moderasjonsordningar og om innhald og oppgåver for skolefritidsordninga.»

Vedtektene seier at dei skal rullerast i kvar kommunestyreperiode. I tillegg er det vedtatt ny opplæringslov. Den nye opplæringslova med forskrifter skal etter planen gjelde frå august 2024. Fram til då gjeld dagens opplæringslov av 1998 med forskrifter.

Vurdering

Knytt til budsjettsaka for 2024 gjorde HOP dette vedtaket:

Vedtak i Hovudutval for oppvekst og kultur (HOP) HOP Sak 043/23

«HOP ynskjer at ein lagar nye vedtekter for SFO i løpet av 2024. Dei ny vedtektene skal sikre eit like bra/breitt SFO-tilbod som i omkringliggende kommunar. Etter at vedtektene er endra, ynskjer HOP òg at ein samanliknar prisane på SFO-tilbodet. Ein ynskjer ikkje at kommunen er dyrare enn omkringliggende kommunar.»

Den største endringane i vedtektene er at dei legg opp til lik opningstid for SFO som for barnehage. Dette vil redusere behovet for å kjøpe enkeltdagar, som vidare fører til at det vert enklare å samanlikne SFO-prisane i regionen.

Vanleg saksgang hadde vore at HOP sendte vedtektene på høyring. Kommunedirektøren vurderer at saka sett i lys av vedtak i sak PS 9/2024 "Tiltaksplan for å redusere driftskostnader Gulen kommune.. " bør vurderast av Formannskapet, som er kommunen sitt økonomiutval. Kommunedirektøren tenker ideelt sett at ei vurdering knytt til om SFO tilbodet skal utvidast bør gjerast i samanheng med sak der økonomien i og organisering av oppvekstsektoren skal gjennomgåast.

Aktuelt mål i samfunnsplanen saka stettar

Alle born og unge i Gulen kommune skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø

Økonomiske konsekvensar

Oppveksteiningane melder at for 2024 vil dette både medføre auka inntekter og auka utgifter. Estimatet er at samla sett vil kvar eining få eit meirforbruk på kr 35 000, noko som igjen betyr at sektoren får eit samla meirforbruk på kr 140 000. Dette vil igjen kunne medføre mindre behov for avlastningstilbod i skuleferiar innanfor helse- og omsorgssektoren. Det er ikkje tatt høgde for dette i det økonomiske estimatet.

Vurdering av særskilte grupper

Endringane i vedtektene vil gjere at elevar med særlege behov får eit utvida tilbod samanlikna med det dei har i dag.

Kommunedirektøren si tilråding

Hovudutval for oppvekst og kultur gir ei uttale til saka. Formannskapet vurderer saka og uttala frå HOP, og sender eventuelt framlegg til vedtekter, som ligg ved saka, på høyring til samarbeidsutvala og FAU ved oppveksteiningane med høyringsfrist 01.05.

Viss Formannskapet vel å gå vidare med saka vert dette vidare saksgang: 2. gongs handsaming i HOP 29.05.24, og endeleg vedtak i kommunestyret 13.06.24.

Vedlegg

- 1 Vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Gulen kommune